



Uskedelinger i nøkkelrollar på Baroniet deltok i det historiske seminaret laurdag: Jørn Øyrehagen Sunde og Margunn Eik. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det tradisjonelle, historiske seminaret på Baroniet laurdag vart naturleg nok også dette året leia av professor Jørn Øyrehagen Sunde frå Uskedalen, som framleis er i 20 prosents stilling som forskar og historisk rådgjevar der. Dette var seminar nummer sju.

Han hadde også ei orientering om Mowattane på Shetland og Baroni-leiinga streka nok ein gong under at han er den som i dag kan mest om Baroniet.

Men også ein annan uskedeling hadde eit interessant innlegg. Det var konservator for hage og landskap Margunn Eik, som har gjort teneste for kulturinstitusjonen like lenge som Øyrehagen Sunde.

Dei starta begge som omvisarar i 1991 og ho har vore i konservatorjobben sidan prosjektet med rekonstruksjon av kjøken- og urtehagen starta i 1998. Det vara til i 2005 og sju millionar kroner er satsa, med Bara Gruppen som hovudsponsor. 2001 var den første dyrkingssesongen. I 2002 var alle dyrkingsfelt og 1700-talsfeltet ferdig. Målsettinga har vore å få att form og innhold på anlegget frå slutten av 1800-talet. Det hadde i si tid ein fleirsidig funksjon: Det skulle forsyne hushaldet, presentera prydplantar, vera ein salshage og også driva folkeopplysing. Dei har kjempa ein hard kamp mot ugras, men valgt å satsa på økologiske driftsformar.

Margunn slo fst at dei har hatt god dokumentasjon som grunnlag for det nitide arbeidet. Til dømes hadde dei hagerekneskap for perioden 1746/48 og perioden 1850/1920 og dei hadde kart heilt frå 1680-talet og mange fotografi frå 1870 og utover. Eit kart frå 1893 skil seg ut, der kan ein mellom anna finna mange namn på plantar og alle frukktre-namn.

Å rekonstruera hagen har vore ein stor jobb, for han var grodd att frå slutten av 1800-talet. Etterkvart vart han berre ein frukthage med eng. Truleg var det to drivhus og det eine er rekonstruert. Drivhusa vart truleg bygt på 1860-talet og vekte naturleg nok stor merksemd blant folk flest den gongen. Eit drivhus var eit utenkjeleg eige for folk flest.

På 1700-talsfeltet har målsettinga vore å dyrka alle krydderurter, prydplantar og medisinplantar som var å finna på listene frå 1746/1748.

Av Ola Matti Mathisen